



**Sogn og Fjordane
krets av NSF**



ALLTID BEREDT

ÅRSMELDING 2010 for Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Kretsstyret:

Kretsleiar: Niels Larsen (Årdal)
Visekretsleiar: Wenche Selland (Naustdal)
Styremedlemmer: Eirik Ulltang Birkeland (Førde)
Inge Byrkjeland (Naustdal)
Mats Brunsvik (Måløy)

1. varamedlem: Johan Birkeland (Førde)
2. varamedlem: Daniel Nedrelid (Florø FA)

Leiartrenarar: Wenche Selland (Naustdal)
Thorleif Jakobsen (Nordfjordeid)

Kasserar: Arve Nybakk (Måløy)

Pr. 31.12.2010 hadde kretsen 238 betalande medlemmer, ein nedgang på 16 personar frå 2009. 185 av medlemmene var under 26 år. Kretsen har 9 grupper.

Kretsstyret har halde 4 styremøte og 1 kretsting/årsmøte i 2010. I tillegg har det vore 2 arbeidsmøte med generalsekretær Karen Johanne Strømstad.

Kretsting/årsmøte:

Dette var 6. mars i Førde. Spesielle saker som var oppe, var kretsmerke og kretsleir. Det var 12 personar til stades.

Kretsbannerkonkurransen:

Denne var 9.–11. april på Førde Camping. Det var 34 deltakarar frå gruppene Nordfjordeid, Førde, Naustdal, Florø FA og Systrond. Oppgåvene gjekk mellom anna ut på å lage ei flaggstong og å lage eit sjakkbrett med brikker. Patruljen «Gaupe» frå Systrond vann og reiste til NM i speiding, som var i Førre i Tysvær kommune. I tillegg reiste patrulje nr. 2 frå KBK-en, «Kløver» frå Nordfjordeid.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Peffkurs II:

Dette var 4.–6. juni i Haukedalen i Førde kommune. Det var 9 deltakarar på kurset, frå gruppene Førde og Systrond. Her var hovudtemaet turplanlegging, og deltakarane laga mellom anna både lavvoar og gapahuk.

Peffkurs I:

Dette var 3.–5. september på speidarhuset i Måløy. Det var 9 deltakarar på kurset, frå gruppene Kaupanger, Naustdal og Systrond. Her var det høve til å få med seg ein del nyttig kunnskap om mellom anna speidarmetoden, møteplanlegging og patruljesamarbeid.

Speidarsamling med JOTA/JOTI:

Dette var 15.–17. oktober på Teigen i Eikefjorden. Det var 77 deltakarar frå alle aktive grupper i kretsen, i tillegg til 2–3 radioamatørar. Temaet var – som vanleg på denne samlinga – JOTA/JOTI, og i tillegg var det andre varierte aktivitetar både ute og inne.

Leiarutvikling:

Vi har hatt to leiarkurs i løpet av året: Det fyrste var Sikkerhetskurs (Sikkerhet på tur + Nyingen) 9.–11. april på Førde Camping, samlokalisert med KBK-en. Her var det 12 deltakarar. Det andre var Speiderledelseskurs 17.–19. september i Jølsterlia, med 11 deltakarar.

Vi har ikkje fått inn søknader om støtte til leiarkurs i løpet av året.

Gruppebesøk:

Vi har hatt ein del kontakt med gruppene, men vi har ikkje vore ute på besøk til dei.

Nasjonal og internasjonal deltaking:

Roverløft:

Dette var 23.–25. april på Ingelsrud speidersenter. Frå kretsen deltok Mats Brunsvik som stabsmedlem.

World Scout Moot:

Dette var 27. juli til 7. august 2010 i Kenya, med rundreise i forkant. Frå kretsen deltok Mats Brunsvik. Han presenterte turen i ord og bilete på JOTA/JOTI-samlinga på Teigen.

Lederløft:

Dette var 27.–29. august på Ingelsrud speidersenter. Frå kretsen deltok Eirik Ulltang Birkeland.

Ung i Norden:

Dette, som er eit arrangement i regi av Nordisk samarbeidskomité, var 14.–17. oktober på Færøyane. Frå kretsen deltok Eirik Ulltang Birkeland, som ei førebuing til ungdomsforum og verdskonferanse i Brasil i januar 2011.

Speidar- og Roverforum:

Dette vart arrangert i Bergen helga 1.–3. oktober. Sivert Ulltang Birkeland og Rasmus Andersen Hundvebakke deltok på Speidarforum, og Mats Brunsvik og Eirik Ulltang Birkeland på Roverforum. Eirik vart vald inn i prosjektgruppa for neste Roverforum,

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

og Mats vart vara til prosjektgruppa og medlem av den nye høyringsinstansen for roving i NSF.

Speidartinget:

Dette var 29.–31. oktober i Lyngdal i Vest-Agder. Kretsleiar Niels Larsen og Eirik Ulltang Birkeland representerte kretsen.

Roverstevnet:

Dette var 5.–7. november på Ingelsrud speidersenter. Eirik Ulltang Birkeland var i stab gjennom Skogvokterne, og Trine Ludvigsen Rygg frå Kaupanger var deltakar.

Justering av treningsprogrammet:

Mats Brunsvik sit i prosjektgruppa for justering av treningsprogrammet, med ansvar for roverdelen.

Jamboree 2011:

Det er påmeldt 7 deltakarar frå kretsen til verdsjamboreen i Sverige i 2011. I tillegg er Mats Brunsvik og Eirik Ulltang Birkeland påmeldt som leiarar i kvar sin tropp.

Året under eitt

I 2010 har vi hatt nokre samarbeidsproblem. Eitt styremedlem har hatt permisjon frå styret i siste halvdel av året, etter avtale med generalsekretær Karen Johanne Strømstad. Ringverknader av dette gjorde ting meir vanskeleg seint på hausten. Dette har resultert i at to styremedlemmer ikkje ynskjer å stille til gjenval, samt at eit tredje styremedlem har bede om avløyning eitt år før tida.

Styret har i tillegg arbeidd med saker som:

- økonomi
- fylkeskulturstøtte
- politiattest
- leiartilgang
- kretsleir 2011
- speiding 100 år i Norge
- forslag om utanlandstur for større speidarar til England 2012

20. november 2010 vart Thorleif Jakobsen frå Nordfjordeid speidargruppe tildelt NSF sin æreskniv for mangeårig og allsidig engasjement for speidarrørsla, gjennom mange tiår.

Alt i alt har det vore god oppslutnad rundt arrangementa våre, og vi ser med stor glede at under JOTA/JOTI var alle gruppene representerte.

For styret
Niels Larsen
kretsleiar

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no